

## Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

«Det er ungdomsskulane i Bergen kommune som har ansvar for å arrangerer møte der det blir gitt informasjon om ulike utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. I nokre bydelar har fleire ungdomsskular slått seg saman og arrangerer felles møte for skulane i bydelen. Det er også skulane sjølve som inviterer aktuelle vidaregåande skular i området til å bidra med informasjon. Det er viktig å understreke at representantane frå dei vidaregåande skulane blir inviterte inn for å informere om eit utdanningsprogram generelt og ikkje reklamere for skulen. Det ligg ikkje føringar frå Bergen kommune si side som seier at ungdomsskulane ikkje skal invitere inn private vidaregåande skular.

For mange elevar i 10. klasse er utprøving i vidaregåande skular viktig når det gjeld val av framtidig utdanningsprogram. Tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde i mange år eit tett og godt samarbeid med Bergen kommune for å legge til rette for utprøving i ulike utdanningsprogram. Sjølv om dei fleste elevane gjennomfører utprøving i ein offentleg vidaregåande skule, har private skular i Bergen vore ein del av dette samarbeidet dei seinaste åra og teke i mot elevar på utprøving.

Når det gjeld marknadsføring av dei ulike skulane, så har alle vidaregåande skular, både offentlege og private, hatt høve til å legge ut informasjon om invitasjon til opne dagar på den fylkeskommunale digitale plattformen Mitt yrke.»